

Vinterherdighet og vinterdekking i kystklima

Av FAGUS-rådgiver Harald Olav Aksnes

Haustmånadane i 2006 var ekstremt fuktige på Vestlandet. Det kom godt over 370 millimeter dei første 14 dagane i november. Det var også vore særst mildt, med berre 2 dagar nett under 0 °C. I planteskulen dekker vi plantene som står i pottar med kvit plast over bøylar. Dette er vi vane med å gjera før 1. desember. I 2006 vart det ikkje dekkja. Med så fuktig og mildt ver er det vår erfaring at vi gjer vondt verre med å dekkja. Det kjem stillestående vatn i pottene, og at luftfråmen under plasten vert nær på 100%.

På Vestlandet er vi vane med milde og fuktige haustar. Hausten 2006 var det berre "litt ekstra". Det vi er redde for i slike haustar er raske vêrskifte – at det går frå mildt og fuktig til kaldt og tørt over natta. Vi har gjennom fleire år erfart at desse raske skifta fører til skade på nyvekst, blad og knoppar på vintergrøne planter.

I ein fuktig og mild haust veks plantene lenge. Dei vert lite avherda og dei får eit sjokk når det brått vert under 0 °C. Verst er det naturleg nok visst det samstundes er klarvêr med stor utstråling. Dekking med kvit plast hjelper lite mot den direkte kulden, men reduserar utstrålinga.

Etter dei erfaringar vi har hatt dei siste åra vil eg dela opp "vinterproblematikken" i tre deler:

Haustrøst

Det er overgangen frå varme til frost som er problemet. Dersom planta ikkje er herda kan ein lett få skade på nyvekst, blad og knoppar. Overgang frå fuktig mildt vêr til frost vert eit sjokk for planta. Problemet er størst for planter i krukke og kar, men ved særst brå overgangar ser ein også skade på utplanta planter. Ein overgang frå mildt og fuktig til $\pm 1 - \pm 2$ °C er nok til å gje skade tidleg på hausten. Som nemnt tidlegare er vi likevel skeptiske til å dekkja plantene for tidleg, for det vil berre redusera planta si herding.

Vinterfrost

På etterjulsvinteren er plantene meir herda enn om hausten, og dei toler då betre skiftingane i veret. Den skaden som har vore vanlegast er rotfrost. Ein langvarig kuldeperiode med barfrost slik at

temperaturen ved rota gjekk langt ned (ca ± 7 °C ?) gav ein god del skade for nokre år sidan. Det hadde då vore langvarig barfrost. Mot denne "vinterkulden" vil dekkning med bar og liknande vera til god hjelp.

Vårfrost

Seinvinteren (mars-april) 2006 gav mykje skade på vintergrøne og delvis på lauvfellande planter på Vestlandet. Det var ikkje ekstremt kaldt (mellom ± 3 °C og ± 12 °C på mine trakter), men det var "fint vêr og austavind", og det var langvarig. I denne situasjonen var det nok ikkje den direkte kulden, men uttørkinga som skapte problem. Typisk var at stadeigne planter som blant anna blåbærlyng, einer og røsslyng var sterkt skadde, medan planter som vi reknar som relativt lite hardføre, som til dømes vintergrøn beinved, kunne stå heilt uskadde.

Kva faktorar i plantene som førte til dette uventa resultatet er ikkje godt å gje eit fullgodt svar på. Truleg har det ein samheng med når plantene "vaknar opp" om våren å gjera. Etterjulsvinteren 2006 var ganske fuktig og mild og truleg hadde plantene byrja "å vakna" når vi kom ut i mars.

Å gje gode råd om vinterdekking er såleis ikkje lett. Når folk seier at rosene deira har frose i hel, skuldast det nok svært ofte ikkje at dei har frose i hel, men heller at dei har drukna eller dauda av sopp. Det har rett og slett ikkje vore kaldt nok til å gi frostskaade.

Mitt generelle råd har difor vore (og er) – ikkje dekk for tidleg. Då skapar ein berre problem med innestengt råme og sopp.

Ver litt på vakt om hausten på raske vêrskifte frå varmt og fuktig til klarvêr og brå kulde. Dess tidlegare på hausten frosten kjem – dess meir utsett er plantene. Ei sekkestrie over planta for å dekkja mot utstrålinga kan vera ei god hjelp. Men – ta denne vekk att dersom det vert varmt og fuktig.

På etterjulsvinteren, og særleg på seinvinteren, kan langvarige kuldeperiodar gje frostskaider. Vestlandet har sjeldan dei særst låge temperaturane, så det er nok særleg "tørkefrost" og av og til rotfrost som er dei sentrale problema. Dei "svakaste" *Rhododendron* vi har i vårt sortiment er i litteraturen oppgjeve å tola temperaturar ned til $\pm 18^{\circ}\text{C}$. Dette er ekstremt i mitt område, og eg har ikkje opplevd det ($\pm 17,5^{\circ}\text{C}$ er det lågaste eg har registrert i planteskulen). Skade på plantene finn vi likevel, men oftast er dette skader som anten kjem på seinhausten eller på seinvinteren når plantene ikkje er i djupaste kvila.

I langvarige kuldeperiodar, slik som på ettervinteren 2006, er det ein klar fordel å dekkja plantene – ikkje først og fremst mot direkte frost, men mot "frysetørking." Dette såg vi tydeleg på plantene vinteren 2006 då plantene under kvit plast overvintra langt betre enn dei som stod utan plast.

Kor låg temperatur ei plante er oppgjeve å tola er difor ofte berre teoretisk interessant på Vestlandet. Desse oppgjevne minimumstemperaturane gjeld når planta er i djupast kvile, og det er berre ei relativt kort tid. Det som er av praktisk interesse er kor låge temperaturar planta tolerer i ulike periodar, korleis den reagerar på skiftande klima om vinteren, og kor mykje den krev av varm sommartemperatur for å utvikla seg godt nok til å tola vinteren. Eg brukar her ofte som eksempel parykkbusk (*Cotinus coggygria* 'Royal Purple'). Denne står oppført i herdigheitsone H2-H3, altså berre for dei klimatiske aller beste område i Noreg. I Polen stod denne planta i fantastisk utvikling på stader der det var ned til $\pm 25^{\circ}\text{C}$ om vinteren, men våren kom tidleg, og dei hadde ein varm tørr sommar og ein lang varm haust. Det er såleis ikkje berre kor kaldt det er om vinteren som avgjer herdigheita, men kor gode tilhøve planta har hatt til å utvikla seg gjennom sommaren som avgjer kor vinterherdig ei plante er.

Med det klimaskiftet som det ser ut til at vi er inne i, vert det ei utfordring å finna dei plantene som er best tilpassa det nye klimaet. Det er kanskje ikkje dei same plantene vi i dag kjenner som "mest hardføre" som klarer seg best i framtida.

Dei erfaringar eg har skrive om her, er først og fremst Vestlands-erfaringar. På Austlandet er nok direkte kulde eit større problem. Likevel har klimaet dei siste åra også der halla mot Vestlands-problematikk, og det skiftande vinterklimaet har gjeve problem der og.

Harald Olav Aksnes er utdannet gartner og landskapsarkitekt. Han eier og driver Gimle, planteskule.

Fakta-serien er et tilbud for abonnenter hos FAGUS Rådgivning. Copyright FAGUS. Ettertrykk er ikke tillatt.

